



# Årsrapport 2016



**Kompetansesenter i lindrande  
behandling Helseregion Vest**



### Våre kjerneverdier:

**Kompetanse**  
**Samarbeid**  
**Respekt**  
**Engasjement**

**Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) er eit ressursenter for alle som arbeider med lindrande behandling og omsorg ved livets slutt i regionen vår.**

Målsettinga for senteret er å fremme palliasjon i heile Helseregion Vest ved å styrke kompetanse bygd på eit heilskapleg menneskesyn og gode fagkunnskapar.

### Nettverksarbeid

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling er ei viktig satsing for KLB. Alle kommunar og sjukehus i regionen, fleire høgskolar, Kreftforeningen og Kreftomsorg Rogaland deltar i nettverkssamarbeidet. Ved utgangen av 2016 omfatta nettverka 445 sjukepleiarar og 108 fysioterapeutar og ergoterapeutar, fordelte på 25 lokale nettverksgrupper. Målet med nettverka er kompetanseheving og samhandling slik at pasientar og pårørende opplever tryggleik og får tenester av god kvalitet.

Kompetansesenteret har god kontakt med dei palliative teama i sjukehus i Helseregion Vest. Vi følger opp kommunar som har prosjekt innan lindrande behandling og vi driftar PallReg.no, eit nasjonalt, webbasert register over palliative verksemder.

### Undervisning, rådgiving og formidling

KLB driv undervisning både gjennom nettverka, på universitet og høgskolar og ved innlegg på kurs og konferansar. I 2016 hadde vi 291 undervisningstimar i kompetansenettverka og 227 timar utanom nettverka, for i alt ca 5600 deltakarar.

Kompetansesenteret sitt kontor på Haukeland universitetssjukehus svarte i 2016 på 1222 førespurnader.

I september 2016 vart den 14. landskonferansen i palliasjon arrangert i Stavanger. KLB var ein av arrangørane for dette vellukka arrangementet, som samla 635 helsearbeidarar frå heile Noreg. Denne konferansen markerte og KLB sitt 15-årsjubileum.

I oktober 2016 vart Verdsdagen for lindrande behandling markert i alle føretaksområda i Helseregion Vest.

### Livets siste dagar – plan for lindring i livets slutfase

KLB har ein eigen nettverkskoordinator for "Livets siste dagar – plan for lindring i livets slutfase". Denne planen vert nytta i over 400 verksemder over heile landet. Nettverkskoordinator gir opplæring og støtte til dei som bruker planen.

I 2016 vart ein kunnskapsbasert prosedyre for implementering og bruk av "Livets siste dagar" publisert på Helsebiblioteket sin nettside.

### Nettsider og brosjyrar

Nettsidene til KLB er blant dei best besøkte i Helse Bergen. Sidene er lagt til rette for nettbrett og smarttelefonar. Særleg har sidene om praktisk palliasjon, nettverk og symptomlindring til døyande mange treff. Det er stor etterspurnad etter brosjyremateriell frå senteret, særleg mapper til etterlatne. Mappene er gratis for brukarar i Helseregion Vest.



## Forskning og fagutvikling

Kompetansesenteret skal bidra til utvikling av planar og retningslinjer. I 2016 har tilsette frå KLB deltatt i fleire nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper og vore med på utarbeiding av retningslinjer, mellom anna for fysioterapi ved kreft. Vi deltar i regionale, nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. Ei viktig satsing er prosjektet PALLiON om integrering av onkologi og palliasjon, der to sjukehus i regionen vår er med. I 2016 har KLB fått tildelt middel til ein internasjonal studie om omsorg til døyande, vurdert frå pårørende sin ståstad. Dette prosjektet vert eit samarbeid mellom fire land i Europa og tre i Sør-Amerika.

KLB har sidan sommaren 2015 hatt eit prosjekt om kompetanseheving til tilsette i bufellesskap for personar med psykisk utviklingshemming. Dette er eit samarbeid med Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland og Etat for tjenester til utviklingshemmede i Bergen kommune. Prosjektet får støtte frå Helsedirektoratet.

## Tema for prosjekt

Kompetansesenteret hadde i 2016 prosjektarbeid på desse områda:

- Kartlegging av smerte og symptom
- Symptomlindring
- Kvalitetsindikatorar
- Ivaretaking av døyande og deira pårørende
- Førebuande kommunikasjon (Advance Care Planning)
- Integrering av palliasjon og onkologi
- Metodikk i palliativ forskning
- Organisering
- Kompetanseheving

## Stab

Kompetansesenteret hadde i 2016 6,7 årsverk fordelt på ein tverrfagleg stab av 23 tilsette. Sju tilsette arbeider i den sentrale eininga på Haukeland universitetssjukehus, dei andre er deltidstilsette som i si hovudstilling arbeider med lindrande behandling i sjukehus og kommunar i regionen.



Publikasjonslista for 2016 er med i den utvida årsrapporten som er publisert på nettsidene



Tilsette i KLB hausten 2016





## Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

### Besøksadresse:

Haukelandsbakken 2

### Postadresse:

Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest,  
Helse Bergen,  
Haukeland universitetssjukehus,  
postboks 1400, 5021 Bergen

**Telefon:** 55 97 58 24

**Faks:** 55 97 58 25

**e-post:** lindrende.behandling@helse-bergen.no

### Våre tilsette:

Dagny Faksvåg Haugen, seksjonsoverlege, professor

Ann-Kristin Øren, undervisningsjukepleiar

Grethe Skorpen Iversen, nettverkskoordinator

Marit Irene Tuen Hansen, forskingsjukepleiar

Rae F. Bell, overlege

Aud Myhre, sekretær

Unni Jones, sekretær

Øyvind I. Rød, studiesjukepleiar

### Regionale medarbeidarar i deltidstilling:

Kristin Vassbotn Guldhav, kreftsjukepleiar, Palliativt team, Helse Førde

Marthe Hauge Aase, kreftsjukepleiar, Pall.team, Helse Førde, frå juni –17

Marit Eikemo Halsnes, sjukepleiar, Fjaler kommune

Katrin Sigurdardottir, overlege, Sunniva senter, Haraldsplass Diagonale Sykehus (HDS)

Sebastian von Hofacker, overlege, Sunniva senter, HDS

Margrete Einen, farmasøyt, Sjukehusapoteket i Bergen

Synnøve Glesnes, ergoterapeut, Kreftavdelinga, Haukeland universitetssjukehus (HUS)

Mona Grindheim, kreftsjukepleiar, Palliativt team, HUS

Grete Skeie Sørhus, kreftsjukepleiar, Vindafjord kommune

Laila Johannesen, kreftsjukepleiar, Palliativt team, Helse Fonna

Anne Lise Eidem Johannesen, kreftsjukepleiar, Pall. team, Helse Fonna

Janet Bakken, fagsjukepleiar, Palliativt senter, Stavanger universitetssjukehus (SUS)

Margunn Byberg, Lindrende enhet, Sola sjukeheim

Hartwig Kørner, overlege, professor, Gastrokirurgisk avd., SUS

[www.helse-bergen.no/palliasjon](http://www.helse-bergen.no/palliasjon)

[www.pallreg.no](http://www.pallreg.no)

### Kva kan vi brukast til?

- Oversikt over kva som skjer innan palliasjon i Helseregion Vest
- Informasjon om aktuelle institusjonar og tiltak i regionen
- Bistand til planarbeid
- Oversikt over kurs og utdanningstilbod i lindrande behandling
- Hjelp til planlegging av lokale kurs og samlingar
- Informasjon om aktuelle forskings- og fagutviklingsprosjekt
- Informasjon om lindrande behandling nasjonalt og internasjonalt
- Kontaktar i Helseregion Vest, nasjonalt og internasjonalt

**Framsida:** Markering av World Hospice and Palliative Care Day 2016 på Haukeland universitetssjukehus

